

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 228/2020

av 11. desember 2020

om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonsavgjerd (EU) 2020/503 av 3. april 2020 om endring av avgjerd 2014/312/EU for å utvide unntaket for sinkoksid slik at det vert tillate å nytte dette stoffet som stabilisator i konserveringsmiddel «til bruk i emballasje» og i «fargepastaer»⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg XX til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg XX nr. 2v (kommisjonsavgjerd 2014/312/EU) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32020 D 0503**: Kommisjonsavgjerd (EU) 2020/503 av 3. april 2020 (EUT L 109 av 7.4.2020, s. 14).”

Artikkel 2

Teksta til avgjerd (EU) 2020/503 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 12. desember 2020, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

⁽¹⁾ TEU L 109 av 7.4.2020, s. 14.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Utferda i Brussel 11. desember 2020.

For EØS-komiteen

Sabine Monauni

Formann

UOFFISIELL OMSETJING